



ÅRSMELDING 2016

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett E. Leifsen (nestleiar), Venke Særsten (kasserar), Tone Helen Haugland Halleraker (skrivar), Anja Våg Skjold (styremedlem), Mathias Våg Skjold (vara), Even Opsal (vara) og Daniel Roda (vara).

Styret har hatt møter/kommunisert via lukka Facebook-gruppe etter behov. Før arrangement har styret møtt og planlagt arrangementet. Det har også vore evalueringsmøte i samband med PubQuiz i oktober. Det har fungert veldig godt.

Hovudmålet til styret for året 2016 har vore, som dei siste åra, å skaffe nok pengar til vår avtalte støtte til idrettshallen i Vikedal. Styret gjorde i 2011 eit vedtak at me i fire år, fra 2012, skal støtte årlig med 25.000,- til drift av hallen. I tillegg gav Vikedal Ungdomslag 50.000,- i gåve til bygginga av hallen. Etter planen fekk Vikedal Bygdahus våren 2016 utbetalt dei etterlengta spelemidlane til idrettshallen, noko som fører til at avtalen vår med Vikedal Bygdahus om støtte går ut., dvs me betalte 7.500 kroner i 2016 til hallen. Denne forpliktinga er no over. Me er veldig stolte over å ha bidratt med 157.500 kr til drifta av hallen. Det er bra med tanke på at laget er lite og det er få aktive medlemmer. Styret har gjort, saman med andre samarbeidspartnarar, ein framifrå innsats her.

I år vart det ingenting av arrangementet som V.U.L, tradisjonen tru, arrangerer saman med Port Salutt Band, nemleg den populære kulturkvelden. Den håpar me blir noko av våren 2017.

Under Sommarfestivalen i Vikedal arrangerte V.U.L , som vanleg, barne – og ungdomsdisko 7.juli på Vikedal Bygdahus. I år flytta me arrangementet til frå 19.00 til 18.00, noko som såg ut til å vera eit godt grep, både for ungene og for oss som arrangerte. Dette var eit kjekt arrangement, det gav greie pengar i kassen.

Kaptein Hjørnetann, som Vikedal Ungdomslag har skapt, var også i år populær underhaldning under årets Sommarfestival. Takk til Olav Nes (Hjørnetann), Lars Kristian Hamre og Tor Magne Kili for god skodespelarprestasjonar. VUL fekk spørsmål frå Møgedal i Suldal om me ville koma med Kaptein Hjørnetann-show på Møgedalsmarknaden 1.oktober. Me syntest sjølvstøtt at det var veldig kjekt å bli spurt, at Hjørnetann er anerkjent i andre kommunar er jo god reklame for bygd og laget. Me fekk ikkje til å stille på dette arrangementet, dessverre.



I tillegg til desse arrangementa har V.U.L leigd ut anlegget til ulike arrangement. Dette gir oss, som vanleg, trygge og gode inntekter til laget.

V.U.L har søkt og fått desse midlane:

- Frifondmidlar: 15.146 kr
- Driftstilskot Vindafjord kommune: 10.000 kr
- Mva kompensasjon: 2.417 kr

Grasrotandelen gav oss ikkje så mykje som i 2015 (10.021 kr), men me fekk inn ein veldig god sum likevel, heile 7.139 kroner. Det er me veldig nøgde med. Styret må halda fram med å rekruttera fleire til å velja Vikedal Ungdomslag som grasrotmottakar. Dette er midlar som kjem vel med.

VUL stilte med 4 representantar på Vikedal Bygdahus sitt årsmøtet 9. mars 2017.

VUL har dette året supplert musikkanlegget med fleire høgtalarar og ein miksepult. Det kosta 35.000 kr. No er VUL veldig oppdatert på lydfronten, noko som er veldig bra då utleige av lyd utgjør ein stor del av inntekta til laget.

VUL arrangerte PubQuiz saman med Midtbygden Ungdomslag i oktober, eit arrangement som var relativt vellukka. Me fekk eit greitt overskot, som me då delte likt med MUL. I ettertid erfarte me at me burde avklart fordelingsnøkkel før arrangementet då VUL stilte med mykje fleire folk enn MUL før, under og etter arrangementet. Me prøvde ut mCash under dette arrangementet, noko so fungerte greitt. Me tek sikte på eit nytt og liknande arrangement også i 2017.

Styret i VUL har representert laget på to arrangement i regi av Sandeid UL også dette året., «Dyrene i Hakkebakkeskogen» og «Bror min og eg». VUL takkar for invitasjonane og gratulerer Sandeid UL med to gode arrangement.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt år.

Takk for i år!

10.03.17

Nils Erik Eide

Leiar Vikedal Ungdomslag

Mobil: 98 28 68 72
E-post: nils.erik@haugnett.no

Kontonr: 3244 05 20501
Org.nr: 984 039 883
www.vikedal-ungdomslag.no